



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Kenth Paul Opheim	<b>Arkivkode:</b> FE-026, FA-M80
<b>Arkivsaksnr:</b> 13/799	<b>Løpenr:</b> 18/4474
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	31.05.2018	033/2018
Kommunestyret	14.06.2018	027/2018

## Feieavgift fritidsbustad - Samnanger

### 14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

### KS- 027/2018 Vedtak:

Samnanger kommune innfører med verknad frå 2018 eit gebyr på kr. 449,- inkl. mva pr. år pr. fritidsbustad for feie- og tilsynstenester. Det nye gebyret vert teke inn kommunen sitt avgiftshefte.

### 31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### FORM- 033/2018 Vedtak:

Samnanger kommune innfører med verknad frå 2018 eit gebyr på kr. 449,- inkl. mva pr. år pr. fritidsbustad for feie- og tilsynstenester. Det nye gebyret vert teke inn kommunen sitt avgiftshefte.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune innfører med verknad frå 2018 eit gebyr på kr. 449,- inkl. mva pr. år pr. fritidsbustad for feie- og tilsynstenester. Det nye gebyret vert teke inn kommunen sitt avgiftshefte.

### Dokument som er vedlagt:

Underskriven avtale om kjøp av feie- og tilsynstenester

**Kva saka gjeld:**

Samnanger kommune inngjekk 17.09.2015 avtale med Bergen Brannvesen (BB) om kjøp av feie og tilsynstenester for bustader.

Denne avtalen er no utvida til også å gjelde for fritidsbustader. For å få dekkja ekstrakostnadane Samnanger kommune får til denne tenesta, må kommunen no innføra eit gebyr på feie- og tilsynstenester for fritidsbustader.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Ved utviding av avtalen med Bergen Brannvesen til og å gjelde for fritidsbustader vil den årlege ekstrakostnaden for dette utgjere kr. 207.310,- ekskl. mva. Fordelt på ca. 600 fritidsbustader vil dette utgjere kr. 346,- ekskl. mva pr. fritidsbustad.

Rådmannen foreslår at kommunen i tillegg til summen på kr. 346,- og tek tek eit påslag for administrasjon på kr. 13,- pr. fritidsbustad, slik at samla gebyr inkl. mva vert kr. 449,- pr. fritidsbustad.